

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.01.2014
Sakhandsamar: **Torunn Nilsen**
Saka gjeld: **Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2014**

Arkivsak
2013/382
Styresak 011/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

Styret tek oppdragsdokumentet for 2014 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 7. januar presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og Statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2014. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene og måla som er gitt, og dei ressursane som blir stilte til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Kommentarar

Statsråden sin tale blei halde i forkant av felles føretaksmøte for dei fire regionale helseføretaka der oppdragsdokumentet for 2014 også blei overlevert.

I talen trakk Statsråden fram seks satsingsområde for å utvikle spsialisthelsetenesta sine tenester til pasientane:

1. Innføre fritt behandlingsval. Ventetida skal ned. Kvaliteten skal opp.
2. Sørge for raskare diagnose og redusert ventetid for kreftpasientar.
3. Prioritere rusfeltet og psykisk helse
4. Utarbeide ein Nasjonal helse- og sykehusplan for framtidens behov
5. Skape betre kvalitet og pasienttryggleik
6. Satse på IKT og kommunikasjon.

Vedlegg:

1. Oppdragsdokument 2014 Helse Vest RHF
2. Statsråden sin «sjukehustale» 7. januar 2014